

100 til fjellsportsamlinga**20.05.2010**

Det kjem truleg så mange som 100 til den nasjonale fjellsportsamlinga som skal arrangerast i distriktet med Rabben Feriesenter som base no i helga. Det opplyser Steinar Myklebust til uskedalen.no.

Fjellsportentusiastane kjem ved middagstider fredag og dei skal bu både i lavvoar, mindre telt og hytter.

Rabben har inga problem med å skaffa plass til alle, forsikrar Myklebust.

Deltakarane kjem frå nærsagt alle kantar av landet og samlinga varer gjennom heile pinsa - for dei som vil..

Programmet er svært allsidig - det spenn frå padling i fjorden via klatring i Nåso til bretur på Folgefonna.

På biletet over er fjellsportentusiastar frå Bergen samla i basecamp ved Fjellandsbø i august i fjor. Men denne gongen er det altså Rabben som er samlingspunktet.

Arrangørar er DNT fjellsport Bergen, Stavanger Turistforening og Stavanger Turistforening Fjellsportgruppa.

Staben som arbeider med og skal gjennomføra arrangementet er rundt rekna 20 personar, får vi opplyst i DNT Fjellsport Bergen.

Der er dei svært fornøgde over oppslutnaden og slår fast at Kvinnherad og Uskedalen verkeleg har slått an som eit aktivitetsmål for fjellsportentusiastane.

Mange av dei som deltek klarar seg på eigen hand, men instruktører og turleiarar frå DNT Fjellsport Bergen sjår til at alle kan få freista noko dei kanskje ikkje har vore med på før eller har kunnskap nok til å kjenne seg trygge på eigen hand.

Til dei einskilde aktivitetane er desse meldt på:

- * Vårskitur til Blådalshorga 16 deltakarar samt truleg ekstratur
- * Melderskin topptur 30 deltakarar
- * Ulvanåso topptur 15 deltakarar
- * Bretur Buarbreen 20 deltakarar
- * Bjørndalstraversen 10 deltakarar
- * Klatring innerst i Uskedalen på bolta klippe 10 deltakarar
- * Kajakkтур på fjorden 10 deltakarar på 2 turar, den andre sundag.

Av Ola Matti Mathisen